

# Analytikar: – Ingen grunn til å vente med inntektsløft

8 • NYHETER

NATIONEN • TORS DAG 1. JULI 2021

## • Jordbruksoppgjøret

# Analytikar: – Ingen grunn til å vente med inntektsløft



**Inntektskamp:** Bønder fra hele landet kjørte til Oslo med traktor i mai for å vise sin misnøye med jordbruksoppgjøret.

**Når Stortinget har fjerna verktøy utan utgreiingar, så kan dei også innføre nye utan årevis med utgreiing, ifølgje landbruksanalytikar.**

Medan Nibio-neslor Ivar Pettersen åtvarar mot konsekvensane av ei brå og kraftig inntektsauke i jordbruket utan omlegging av systemet, så ser andre analytikar færre hindringar i vegen for ei rask opptrapping av inntekten til bondene.

Sjølv om det kan trengast nye grep og reguleringsverktøy, så trur bondeideige AgriAnalyse at

det kan la seg løyse utan årevis med utgreiingar først.

– Dei største endringane i landbrukspolitikken siste åra kom i 2014-oppgjøret då kvotetakket og taka på tilskota blei heva. Det har skjedd fleire liberaliseringar utan store utgreiingar, så det er ikkje sikkert det er nødvendig med store nye utgreiingar for å gå andre vegen, seier Christian

Anton Smedshaug, dagleg leiar i AgriAnalyse.

### – Kan starte raskt

Smedshaug seier Stortinget har vedtatt å redusere inntektsgapet mellom bønder og andre grupper.

– Vi har ein modell som kan handtere det, viss ein vil ta i bruk dei løysingane som trengst. Verkemidla er kjente. Eg veit ikkje om vi treng ei ny stortingsmelding. Nye verktøy kan kome uavhengig av det. Reguleringseksporten blei borte utan ei stor utgreiing. Då kan ein også innføre nye grep utan ei ny melding, seier han.

Landbruksanalytikaren seier

det i stor grad handlar om politisk vilje.

– Det må vere eit politisk fleirtal som vil noko og så må næringa finne gode løysingar.

– Du meiner ein kan tette gapet langt raskare?

– Ja, eg ser ingen grunn til at ein ikkje kan starte så fort ein har eit fleirtal som er interessert, seier Smedshaug, som seier det heller kan setjast ned partssammansette grupper for å vurdere eller greie ut enkelte spørsmål undervegs.

### Ulike utfordringar

At ei rask og kraftig inntektsauke kan føre til overproduksjon

og auka leige- og kapitalkostnader, ifølgje Pettersen, bekymrar ikkje Smedshaug i så stor grad.

– Eg synest det er ein litt for enkel påstand. I den største sektoren, mjølk, har vi kvotar. Der gir inntektsvekst vanskeleg auka produksjon. I den andre store gruppa, korn, er det såpass stort underskot. Viss ein klarer fordele produksjonen på rett kornslag og kvalitet, så er det vanskeleg å sjå store dei store problema der, seier Smedshaug.

På ein del andre husdyrprodukt kan det vere vanskelegare, ifølgje Smedshaug, som også viser til at det gjer det vanskelegare å heve kornprisen for mykje.



Foto: Terje Pedersen / NTB

– På sau og ammekyr er det fri etablering, så der er innvendingsrelevante. Det er alt kontraktsproduksjon på kylling og grønt, så der er det ganske god kontroll. Utfordringa er nok størst på storfe, svin, sau og egg, seier Smedshaug, som seier ein risi-

kerer at marknaden for førkorn skrumpar inn om ein ikkje tar nok omsyn til produksjonane som kjøper kraftfôret.

#### – Avgrensa på pris

Smedshaug seier det er måtar ein kan løfte økonomien til bøndene

#### – Kan starte raskt

«Eg ser ingen grunn til at ein ikkje kan starte så fort ein har eit fleirtal som er interessert»

Christian Anton Smedshaug, dagleg leiar i AgriAnalyse



## Fakta

### Marknadsregulering

- Det er marknadsregulering på dei fleste kjøttslaga, mjølk, egg og korn.
- Bøndene betalar for reguleringa ved omsetningsavgift. Omsetningsrådet fattar vedtak om tiltak.
- Landbruksamvirka Nortura, Tine og Felleskjøpet, som er marknadsregulatorar, har ansvar for å balansere marknaden. Dei har òg mot-taksplikt frå bøndene, forsyningsplikt til andre industriaktørar og ansvar for å ta ut prisane frå jordbruksoppgjera.
- Verktøya til å regulere produksjonen har blitt færre. Nyleg tredde forbodet mot eksportstøtte i kraft. På mjølk blir produksjonen styrt av kvotar. I andre sektorar er det få verkemiddel utover prisendring og stimulering til tidleg slaktning. Det har òg vore rundar med utkjøp av purker og mjølkekvotar.
- Eitt forslag som er til vurdering er differensiert omsetningsavgift der bønder som startar opp ein ny produksjon i periodar med overproduksjon må betale høgare avgiftssats enn andre.

## Fakta

### Tetting av inntektsgapet

- Stortinget vedtok i 2017 at «inntektsmålet skal være å redusere inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper i samfunnet. God markadstilpassing og produktivitetsutvikling vil være en forutsetning for inntektsdannelsen».
- Etter bondeopprør, brot og demonstrasjonar i årets jordbruksoppgjær skal det setjast ned eit utval som skal vurdere endringar i grunnlagstala.
- Dei raudgrøne partia tar til orde for å «tette inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper», for å «bruke tollvernet maksimalt» og lage ein ny modell for å måle inntektsnivået. Fleire av partia vil òg ha forplikande opptrappingsplanar på inntekt og investeringsstøtte.
- I dag er grunnlagstala laga med sikte på å måle «inntektsutvikling», ikkje «inntektsnivå». Dermed er det også uvisst kor stort inntektsgapet er.
- I årets jordbruksoppgjær argumenterte jordbruket med at bønder har sakka akterut med vel 12.000 kr mot andre grupper frå 2015 til 2021. Jordbruket la fram krav om 30.000 kroner større inntektsvekst for bønder enn andre grupper for å redusere inntektsgapet.



**Utfordringar:** Storfe og sau er blant produksjonane med fri etablering og få verkemiddel til å avgrense produksjonen, ifølgje Smedshaug, som òg tar med svin og egg blant produksjonane der utfordringane med marknadsbalansen er størst.

Foto: Bjarne Bekkeheien Aase

på som i liten eller mindre grad stimulerer til auka produksjon.

Han trekker fram tiltak som gir lågare kostnader i næringa. Investeringsstøtte vil redusere lånekostnadene, ifølgje Smedshaug, som også trekker fram ulike tiltak for å stimulere til god agronomi, betre drenering og billigare fôr.

Sjansen til å ta ut kraftig prisvekst er ifølgje Smedshaug mindre enn under opptrappinga på slutten av 70-talet. Han seier prisen på storfe og sau har auka siste åra samanlikna med konkurrerande varer.

– Viss ein aukar vesentleg meir der, så kan ein få store ut-

fordringar med å halde på volumet, seier han.

Betre reguleringsverktøy er nødvendig på kjøtt og egg, ifølgje Smedshaug.

– Eg trur det trengst på kjøtt og egg. Viss ein skal auke lønsemda vesentleg, så trengst det betre verktøy.

Han vedgår også at leigekostnader og eigeomsprisar kan auke i takt med auka inntening i jordbruket.

– Ja, det vil følge kvarandre. Ein kan nok stramme inn praksisen på eigeom, viss det er vilje til det. Det er vanskeleg å unngå at leigeprisane stiger. Det er vel 330 millionar liter mjølke-

kvote som blir leigd. Det kan påverke dei som leiger, men vi må tru at dei leiger fordi det løner seg, seier Smedshaug.

Han seier at hovuddelen av kvotane ikkje er leigde og at auka inntening der uansett gir full effekt.

– Det er vanskeleg å unngå den effekten utan nye reguleringar. Då må ein eventuelt sjå på kvoteregulverket, seier Smedshaug, som ikkje ser store skjær i sjøen som skulle hindre ei rask opptrapping av inntektene til bøndene.

**Bjarne Bekkeheien Aase**

bjarne.aase@nationen.no